



Byggesak

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/8704 - 20/23820

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

30.04.2020

Gbnr 58/177 Lygra indre - søknad om riving og våningshus og bygging av ny einebustad - uttale kultur

Me viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om riving av våningshus og driftsbygning, og oppføring av ny einebustad på gbnr 58/177 Lygra indre datert 3. april 2020.

Eigedomen er i *Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden* definert som omsynssone H510. I føresegnene står det at det skal «takast særlege omsyn til jordbruksdrift og kulturlandskap ved planlegging, handsaming av søknader og gjennomføring av tiltak innafør områda. Område med natur- og kulturverdiar som vert vurdert som verdfulle kulturlandskap, skal ivaretakast og forvaltast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka.»

Lygra ligg sentralt i området «Den indre farleia», som har fått status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Dei delane av «Den indre farleia» som vart omfatta av rulleringa av kommuneplanen til Lindås sist, har fått omsynssone H570 i kommuneplanen. I denne omsynssona skal det mellom anna takast omsyn til små og store landskapsrom som pregar det langstrakte landskapet med landtunger og øyer, kulturminne som viser tidlegare vestlandskap byggeskikk som lemstover og bygningar med bruk av stein som byggjemateriale, og kyrkjestadene og særleg dei som er synlege frå leia. Sjølv om Lygra ikkje er omfatta av denne omsynssona i kommuneplanen er området sine kvalitetar ein viktig grunn til at området «Den indre farleia» fekk status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Området ville nok også fått omsynssone H570 dersom det ikkje hadde vore ein del av ein allereie vedtatt kommunedelplan og halde utanfor rulleringa av kommuneplanen.

Lygra er eit område av stor kulturhistorisk interesse – både som mogleg kongsgard, kyrkjestad frå mellomalderen og eit unikt og godt bevart kulturlandskap med mange kulturminne. Kulturlandskapet er prega av velhaldne gardar, steingardar og andre konstruksjonar med tørrmur og ikkje minst eit uvanleg høgt tal på lemstover. Området er også synleg frå sjøen når ein ferdast på «den indre farleia». Desse kvalitetane, som gav «Den indre farleia status som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse», gjer at ein bør visa varsemd og ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane og kvalitetane i kulturlandskapet på Lygra. Desse vurderingane er også i tråd med føresegnene for omsynssone H510 i *Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden*.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Når det gjeld det gjeld dei omsøkte bygningane er vår vurdering at lemstova i seg sjølv ikkje har ein unik kulturhistorisk verdi, men at den som del av kulturmiljøet på Lygra har ein betydeleg verneverdi. Rivingsløyve bør difor ikkje gjevast. Når det gjeld løa vurderer me at verneverdien er lågare, og me har ingen merknader til at denne vert rive.

Dersom det skal oppførast ny bustad på eigedomen bør byggjestilen spela på lag med dei kulturhistoriske verdiane i området, og plasserast slik at den ikkje vert dominerande i landskapet og i høve til kringliggjande bygningar.

Med helsing
Eirik B. Utne
Kultursjef

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar
Avdeling for kulturutvikling, idrett og
frivilligheit

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Larissa Dahl

Mottakarar:
Byggesak